




Møre og Romsdal
fylkeskommune

Vestnes kommune
Kommunehuset

6390 Vestnes




Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
	08.04.2015	43496/2015/M&R	Jens Peter Ringstad,71 25 88 36	18.06.2015

**Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi.
Fråsegn i samband med andre gongs høyring og offentlig ettersyn.
Samandrag av Dykkar fråsegn med kommentar.**

Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi i Møre og Romsdal var på høyring i perioden 23.februar til 15.april i 2015. Det kom inn tilsaman 43 høyringsfråsegner. Planforslaget har blitt justert etter høyringsrunden og lagt fram for politisk handsaming. Planen blei vedteken i fylkestinget i sak T-33/15 i møte 15.juni 2015. Høyringsfråsegna frå Dykk følgde som vedlegg til saka. Det var også lagt ved eit samandrag av høyringsfråsegnene med fylkesrådmannen sine kommentarar. Samandrag av Dykkar fråsegn med kommentar følgjer som vedlegg til dette brevet.

Med helsing


Jens Peter Ringstad
Arkitekt

Regional delplan for kulturminne av regional og nasjonal verdi.

Kopi av samandrag av fråsegn og fylkesrådmannen sin kommentar i samband med andre gongs høyring og offentleg ettersyn.

Vestnes kommune

Innhald i fråsegna:

Vestnes kommunestyre behandla andre gongs høyring av planforslaget på møte 26.03.2015. Kommunestyret uttrykte då tilslutnad til hovudtrekka i den reviderte kulturminneplanen, men ville kommentere nærare nokre punkt. Dei sett ned ei nemnd på fem medlemar som skulle formulere og oversende høyringsuttale innan fristen.

Vestnes kommune er framleis ikkje nøgd med involvering og medverknad frå kommunar, organisasjonar og eigarar. Dei sluttar seg til at å ta vare på spor av menneskeleg verksemd (kulturminne) er verdifullt, men peiker samstundes på ein naudsynt balansegang for å skape aksept blant folk flest. I høyringsfråsegna har dei fokus på tre kulepunkt:

- Brumiljøet med tre generasjonar med bruer på Vestnes
- Båtbyggerhistoria i Vestnes
- Krigsminne på Øverås og Rekdal

Når det gjeld brumiljøet på Vestnes vil nemnda på vegene av Vestnes kommunestyre ha vern av den eldste brua frå 1844 med tilhøyrande kulturmiljø med postvegen, alléen og trehusbebyggelsen i Knipa. For den gamle brua over Vestnesstraumen blir det foreslått freding. Vestnes kommunestyre ønskjer ikkje innskrenka handlingsrom for areala rundt dei to andre bruene i området.

For dei to andre temaområda, båtbyggerhistorie og krigsminne uttrykker kommunen at dei vil legge meir vekt på det dei kallar den imaginære historia enn å ta vare på dei fysiske objekta. I det legg dei at registrering og formidling av historia skal vektleggast. For krigsminna rår Vestnes kommunestyre til at det blir satsa på ein lokalitet og prioriterar Øygardsbukta på Rekdal og grunngjev det med sterkare lokalt engasjement, best tilkomst, mindre fare for gjengroing, meir høveleg områdestorleik og mindre konflikt med jordlov.

Kommentar:

Til spørsmålet om involvering og medverknad vil fylkesrådmannen nemne at Vestnes kommune har blitt invitert og vore med på to møter om planforslaget sidan forrige høyring. Høyringa er kunngjort i alle lokalaviser og kommunane har blitt oppmoda om å legge informasjon om planforslaget ut på kommunen sine nettsider å få lokalavisene til å skrive om planforslaget medan det var på høyring.

Fylkesrådmannen er svært nøgd med at Vestnes kommune vil bevare kulturmiljøet med postvegen inklusiv gamlebrua frå 1844, alléen mot kyrkja og trehusmiljøet i Knipa, og at dei for brua går inn for freding etter kulturminnelova.

Fylkesrådmannen er samd i at dei immaterielle kulturminna er viktige å ta vare på, men dei materielle kulturminna gir ei sikrere "første hands" kjelde til historieoppleving og grunnlag for formidling. Båtbyggerhistoria er ein viktig del av Vestnes sin identitet. På sikt bør det sikrast eit anlegg frå båtbyggerverksemda som kan vere med på å dokumentere og formidle denne historia på ein god måte. Fylkesrådmannen registrerar at for vestnes kommune er ikkje tida for det mogen. For opplevinga av den eldste brua på Vestnes er det også viktig kva som skjer kring dei andre bruene. Når det gjeld krigsminna, er det ikkje sagt noko om kulturminneverdien i kommunen si vurderinga. Dette er to ulike anlegg som utfyllar kvarandre og inngår i eit større nettverk i atellerigruppe Møre kring Moldefjorden og innseglinga til Romsdalsfjorden. Det er viktig å ha med alle anlegga for å få ei god forståing av forsvars-verket.

Fylkesrådmannen sin konklusjon er at vi tek båtbyggertradisjonen knytt til konkret anlegg ut av planforslaget. For bruene over Vestnesstraumen vil hovudfokus vere på den eldste brua og miljøet kring, men også resten av omgivnadane er viktig for opplevinga av dette historiske miljøet.